

## Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

**Silje Sivertsen** frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Prosjektstyring", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Bidra til at eigedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:
  - a) rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.
  - b) rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklister for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.
  - c) retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føreset.
  - d) systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.
  - e) rutinar for oppfølging av kontraktar.
2. Etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.
3. Sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet.
4. Etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
5. Etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.06.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.